

Strategi for UKM Sogn og Fjordane 2016 - 2019

Strategi for UKM i Sogn og Fjordane er eit styringsdokument for fylkeskommunen sitt arbeid med UKM i perioden 2016 til 2019. Den er knytt til Kulturstrategi 2014 – 2017 vedtatt i HK 25. november 2014, og er med å utdjupe korleis fylkeskommunen bidreg til å legge til rette for barn og unge sin eigen kulturelle aktivitet.

I strategien er fylkeskommunen sitt ansvar knytt til namnet UKM Sogn og Fjordane. Med UKM i Sogn og Fjordane meiner vi alt arbeid med UKM i fylket, også det som blir gjort i kommunane.

UKM står for ung kultur møtest, og skal vere for alle ungdom uansett kvar ein bur. UKM skal gje nye erfaringar uavhengig av nivå. Deltakarane skal oppleve mestring både personleg og kunstnarisk innan profesjonelle og trygge rammer. Uavhengig av sjanger og stilart, skal UKM inspirere ungdom til fordjuping, øving og personleg utvikling.

Visjon

UKM: den viktigaste møteplassen for ung kultur i Sogn og Fjordane

Mål for arbeidet

- UKM skal vere eit **årleg fylkesdekkande arrangement** for ung kultur i Sogn og Fjordane med arrangement i alle kommunar og på fylkesnivå.
- UKM i Sogn og Fjordane skal vere **i stadig utvikling** og vere **relevant for målgruppa** (10) 13 til 20 år.
- UKM i Sogn og Fjordane skal **stimulere og synleggjere** ung kultur i fylket.

Grunnleggande verdiar

UKM i Sogn og Fjordane skal støtte seg til UKM Norge sine grunnleggande verdiar for UKM arbeidet.

Mangfald: Mangfald er UKM sitt eksistensgrunnlag – det er breidde som gjer UKM unikt.

Medverknad: Ungdom skal ha aktiv påverknad og vere med å bestemme i alle ledd i UKM.

Nyskaping: UKM skal fremje nyskapande uttrykk og vere prega av innovasjon og kreative arbeidsmåtar.

Kvalitet: UKM skal vere gjennomtenkt, gjennomarbeidd og gjennomført på best mulig vis. Deltakarane skal oppleve ei profesjonell og trygge ramme i UKM.

Satsingsområde 2016 til 2019

- UKM festivalen Sogn og Fjordane – årets UKM høgdepunkt på fylkesnivå.
- Kommunane – der alt startar.
- Ungdomsmedverknad – UKM er til for ungdom.
- UKM - synleg og aktuelt for alle.
- UKM, Den kulturelle skulesekken og kulturskulane – saman er vi sterke.

UKM festivalen Sogn og Fjordane – årets UKM-høgdepunkt på fylkesnivå

UKM festivalen Sogn og Fjordane er hovudarrangementet innan UKM for ungdom mellom 13 og 20 år på fylkesnivå. Kommunane sender deltakarar frå kommunemønstringane, og blant dei vel ein jury ut kven som skal representere fylket på den nasjonale UKM festivalen. Berre eit fåtal ungdommar får oppleve UKM festivalen nasjonalt. For dei fleste er fylkesfestivalen det største UKM arrangementet dei får delta på.

Det er viktig at arrangementet held høg kvalitet. Deltakarane skal oppleve ei heving frå kommunemønstringane til fylkesfestivalen. UKM festivalen Sogn og Fjordane må vere i stadig utvikling og på høgde med tilsvarande arrangement i andre fylke. På fleire områder har Sogn og Fjordane framleis ein veg å gå.

Mål for fylkeskommunen sitt arbeid:

- Bidra til ein årleg UKM festivalen i Sogn og Fjordane med høg kvalitet gjennom å prioritere ressursar til arbeid med organisering og planlegging av festivalen, og til arbeid med å involvere ungdom i alle sider av arrangementet.
- Legge til rette for nye uttrykksformer, breidde og mangfald.

Kommunane – der alt startar

UKM startar i kommunane. Mange opplever berre kommunemønstringa i eigen kommune. Utvikling på fylkesnivå er avhengig av at det også skjer ei utvikling på kommunenivå. Årleg er det ungdom som ikkje får høve til å delta i UKM fordi kommunen dei bur i vel å ikkje arrangere kommunemønstring.

UKM skal vere ein møteplass for ung kultur, og kan vere meir enn berre ei mønstring ein dag i året. Det er viktig å sjå på kva muligheiter som ligg i det å vere ein møteplass, og på kva rolle UKM skal spele i forhold til andre kulturtilbod for barn og unge i kommunane.

Mål for fylkeskommunen sitt arbeid:

- Bidra til å styrke og utvikle UKM i kommunane gjennom å legge til rette for møteplassar og kompetanseheving for UKM kontaktane.
- Vere gode rådgjevarar, støttespelarar og samarbeidspartar for kommunane.
- Etablere ungdommens ressursgruppe regionalt som kan vere med å utvikle UKM i kommunane.

Ungdomsmedverknad – UKM er til for ungdom

UKM som organisasjon er til for ungdom. Det står sentralt i UKM-arbeidet å sikre at flest mulig av arbeidsoppgåvene som blir etablert skal kunne påverkast og utførast av ungdom. Unge arrangørar, unge konferansierar og UKM Media blir viktige satsingar i åra som kjem.

Sogn og Fjordane har ein representant i URG. URG står for Ungdommens ressursgruppe og er ei gruppe sett saman av ein ungdom frå kvart fylke. URG skal tilføre UKM-nettverket auka kunnskap om kva målgruppa (13-20 år) er opptatt av og kva dei ønskjer seg av UKM. URG-representanten skal også ha ei rolle i eige fylke, og det er viktig å lage årlege handlingsplanar for dette arbeidet for å sikre kontinuitet og retning på satsinga. Det er også ønskjeleg å etablere ei regional URG-

gruppe med ungdommar frå ulike deler av fylket med ansvar for å følgje opp handlingsplanen i kvart sitt område.

Mål for fylkeskommunen sitt arbeid med satsingsområdet:

- Legge til rette for unge arrangørar, unge konferansierar og UKM Media på UKM festivalen Sogn og Fjordane. Stimulere til tilsvarande på lokalmønstringane.
- Etablere ungdommens ressursgruppe regionalt. Forankre arbeidet gjennom planar og tett oppfølging.

UKM - synleg og aktuelt for alle

UKM er eit av landets største offentlege satsingar på ung kultur og skal vere for all ungdom. Det er difor viktig å nå ut med informasjon om ordninga og inspirere til deltaking.

Ungdom leverer og presterer på høgt nivå. Dei deltek med sjarm og glede. UKM har kvalitetar verdt å få med seg også for ei større publikumsgruppe enn ungdommen sjølv og deira næraste. UKM er ungdommen sin eigen arena og difor ein viktig stad for kunnskap om gjeldande trendar og retningar innan ungdomskulturen. UKM bør også kunne vere eit springbrett vidare, og kunne opne nye muligheter for ungdom i fylket.

Mål for fylkeskommunen sitt arbeid med satsingsområdet:

- Bidra til at fleire ungdommar oppdagar UKM og finn sin plass i ordninga.
- Bidra til at UKM får eit større publikum, og blir ein viktig arena for arrangørar innan kulturfeltet til å følgje med på og oppdage framtidens stjerner.

UKM, Den kulturelle skulesekken og kulturskulane

I 2013 vart det inngått ein nasjonal samarbeidsavtale mellom Den kulturelle skulesekken (DKS), UKM, Norsk kulturskuleråd og Norsk senter for kunst og kultur i opplæringa. Gjennom avtalen forpliktar partane seg til å bidra til ei meir heilskapleg satsing på kunst og kultur for barn og unge, etablere felles møteplassar for utvikling og koordinering av tiltak og styrke kunnskapen om kvarandre sine ordningar.

Hausten 2015 arrangerte fylkeskommunen representert ved UKM og DKS ein konferanse saman med Norsk kulturskuleråd i Sogn og Fjordane der mellom anna samarbeid mellom ordningane var tema. Det er planlagt ein ny konferansen hausten 2016.

Mål for fylkeskommunen sitt arbeid med satsingsområdet:

- Legge grunnlag for eit meir heilskapleg kulturarbeid for barn og unge i Sogn og Fjordane gjennom å etablere eit fagleg forum for UKM, DKS og kulturskulane i fylket.

Strategiar

For å oppnå måla i strategien vel Sogn og Fjordane fylkeskommune å legge vekt på desse strategiane i eige arbeid:

- **Utvikle planar og avtalar for UKM-arbeidet**
Gode planar for arbeidet og avtalar med samarbeidspartar gjer det lettare å oppnå dei måla ein har sett seg. Det gjer arbeidet oversiktleg og føreseieleg for alle involverte og sikrar god organisering.
- **Samarbeid og nettverksbygging**
I arbeidet med UKM er kommunar, regionale lag og organisasjonar, festivalar og andre lokale arrangørar, vidaregåande skular, kulturskular, det nasjonale UKM-nettverket og andre fylkeskommunale ordningar som DKS naturlege samarbeidspartar. Gjennom samarbeid kan vi utvikle nye tilbod og gje ungdom moglegheiter UKM aleine ikkje kan gje.
- **Informasjonsarbeid**
Ei brei tyding av informasjonsarbeid må til for å gjere UKM og ung kultur meir synleg. Nettsider og sosiale mediar vi har hand om sjølv står sentralt, men også informasjonsarbeid retta mot media. Ikkje alle ungdommar veit kva UKM er. For å rekruttere nye deltakarar må ein også jobbe med informasjonsarbeid inn mot målgruppa, også gjennom dei institusjonane som møter ungdommen til dagen.
- **Kunnskap og kompetanseheving**
Skal ein vere relevant for ei målgruppe må ein også ha kunnskap om den. Å samle informasjon om og halde seg oppdatert på kva som rører seg av ung kultur er viktig. Det er også viktig å ha tett dialog med målgruppa for å oppnå dette. For å få til gode samarbeid er det viktig å setje seg inn i kva aktuelle samarbeidspartar står for, og dele kunnskap om eiga verksemd.
- **Økonomi/Støtteordningar og annan finansiering**
Økonomi ligg som grunnlag for all aktivitet. Gjennom ei bevisst haldning til UKM Norge si ordning med stimuleringsmidlar til utviklingstiltak, kan fylkeskommunen vere med å utvikle UKM på fylkesnivå, men også lokalt i samarbeid med kommunane. Det er også viktig å halde auga opne for andre finansieringskjelder som kan vere med å løfte UKM i fylket. Fylkeskommunen skal i eige budsjettarbeid følgje opp tiltak for å nå måla i UKM - strategien.